

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: *

Tal uprenta vedlegg: *

Vestlandsrådet - Budsjett 2009

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet set av midlar til følgjande tiltak:
100.000 kr til disposisjon for generelle tiltak/drift av rådet.
200 000 kr. til felles fylkesutvalsmøte.
250.000 kr til "Ekspressbuss Vestlandet".
2. Resten av midlane vert sette av til andre tiltak i regi av Vestlandsrådet, og vil bli fordelt i løpet av året.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

Budsjett 2009

Vestlandsrådet sin aktivitet blir finansiert gjennom ein "kontingent" på kr 250.000 frå kvar av fylkeskommunane. Til saman har Vestlandsrådet følgeleg 1 mill. kr årleg til aktiviteten sin. Midlane er føresette å gå til plan- og utviklingsarbeid, utvikling av politikkområde, arenabygging, marknadsføring og informasjonstiltak.

Det er streka under at midlane ikkje skal gå til utviklingsprosjekt etter søknad eller utlysing. Slike prosjekt må bli finansierte av den einkilde fylkeskommune, ev. av fleire fylkeskommunar i fellesskap.

Det er i tråd med vanleg praksis at kvar fylkeskommune dekkjer reise- og opphaldsutgifter i samband med møta over egne budsjett. Vidare at vertskapsfylkeskommunen dekkjer utgifter til rådsmøte og faglege/sosiale aktivitetar i samband med møta.

Det er overført kr 1 136 077,77 frå 2008. Saman med dei avsette midlane for 2008, er det difor over 2,1 mill. kr til disposisjon for rådet. Rekneskapan for 2008 framgår av årsmeldinga til Vestlandsrådet, sjå anna sak til dette møtet.

Vi vil føreslå slik fordeling av midlane:

Til disposisjon for generelle tiltak

100.000 kr til disposisjon for generelle tiltak for rådet. Dette kan vere utgifter til informasjonsmaterieil, internett, dekking av reiseutgifter for foredragshaldarar osv.

Felles fylkesutvalsmøte

Det må også reserverast om lag 200.000 kr til felles fylkesutvalsmøte i Bergen i mai. Desse midlane går til sjølve samlinga og til dekking av utgifter til foredragshaldarar o.l. Reise til og frå Bergen skal dekkast av dei respektive fylkeskommunane

Ekspressbuss Vestlandet.

Vestlandsrådet vedtok i sak 12/06 den 29.09.06 at det skal utgreiast eit høgfrekvent ekspressbuss tilbod på Vestlandet. Fase 1 (forprosjekteringa) er slutført og fase 2 skal nå startast opp. Det står 1 mill kr til disposisjon til prosjektet i form av KID (kollektivtransport i distrikta) midlar frå Samferdselsdepartementet, løyvd i 2007 og 2008. Det er også søkt om kr 500.000,- for 2009. Dette impliserer ein eigenandel frå Vestlandsrådet og fylka på til saman kr 500.000,- (direkte løyving og eigeninnsats). Dersom KID søknaden for 2009 blir innvilga, vil det med eigenandelen vere 2 mill kr til disposisjon til fase 2 av prosjektet. Disse pengane vil mellom anna bli brukt til ein prosjektleiar som skal tilsetjast i 1 års engasjement og til profilering av det nye konseptet for "Ekspressbuss Vestlandet"

Møre og Romsdal fylke har fått delegert det administrative ansvaret for prosjektet "Ekspressbuss Vestlandet". Fylket er no i ferd med å tilsette ein prosjektleiar. Vi reknar med at fase 2 av prosjektet vil kunne vere ferdig til sommaren 2010, og at det nye konseptet for "Ekspressbuss Vestlandet" då kan vere i gang.

Andre tiltak

Resten av midlane vert sette av til andre tiltak i regi av Vestlandsrådet, og som vil bli fordelte i løpet av året. Vi har pr. i dag ikkje nok oversikt over mulege behov som kan oppstå i løpet av året, men at ein vel å oppretthalde budsjettnivået og kontingenten.

I samband med det vidare strategi-/traktatarbeidet bør det årlege nivået på budsjettet vurderast opp mot planlagt ambisjons- og aktivitetsnivå.